

## Referat frå styremøte i

### Myrkdalen Samstyre – Landskapsparken – 15. jan hjå Kjetil Skjervheim

Desse møtte: Per Backer, Arne Bystøl, Asbjørn Tveite, Maria Petterson, Jorunn Hirth, Torill Årnot, Kjetil Skjervheim, Terje Kvalfoss, Gudmund Furu.

#### Sakliste:

**Årsmøtet** bestemt til 26. februar i skulen. Vanlege årsmøtesaker. Filmen om Vikafjellsvegen vert vist. Årsmelding m. oppmoding om å møta fram på årsmøtet vert distribuert til alle postkasser i Myrkdalen.

**Reiselivsmessa "Reiseklar 2009" 16. jan på Aremum i Bergen** har stand for Landskapsparkane. Gudmund reiser på opningsdagen og orienterer om Myrkdalen.

**Opning av Myrkdalstunnelen 19. des** med opningsseremoni i Øyni og festsamkome i skulen var svært vellukka trass i dårleg ver. Mange meldingar i etterkant har stadfesta at det var ei verdig og triveleg opning. Vegvesenet betalar gildet, men pengane er enno ikkje komne.

#### Ymse:

Korleis gjera folk i dalen meir motiverte til å engasjera seg i Landskapsparken sitt arbeide. **LP er for alle i dalen**, ikkje berre for dei som sit i styringsgruppa. T.d. stø opp om dei trivselstiltaka som LP set i gang. Dette er eit emne som heile tida må vera "levande".

Brosjyrene som vart laga til sist sommar, tek snart slutt. Nytt opplag må vera klart til sommaren. Annonserar vert kontakta om noko skal endrast.

Neste møte vert **Årsmøtet i skulen torsdag 26. februar kl 20.**

Neste styremøte vert hjå Asbjørn Tveite torsdag 12. mars kl 20.

Takk til Kjetil og Sigrid for god bevertning

Møtet slutt!

Referent: Gudmund F.